

Handlingsplan for SFO

Skuleåret 2023-2024



Undheim skule

Innholdsfortegnelse

1.	Innleiing.....	3
	Organisering ved SFO-avdelinga	4
2.	Skulen sin visjon og SFO sitt verdigrunnlag	5
3.	Skulen sitt pedagogiske grunnsyn, elevsyn og læringssyn	5
4.	Vaksenrolla på SFO	6
5.	Samarbeid og forventningar	7
	Samabeid mellom SFO og heim	7
	Samarbeid mellom skule og SFO	8
6.	Innhald og arbeidsformar	9
	Inkludering i SFO	9
	Hovudområda	10
	Digital dømekraft	12
	Medverknad og barnets stemme	12
7.	Utviklingsområder og utviklingsarbeid	13
	Organisasjonslæring og egenvurdering.....	14
8.	Årshjul	15
9.	Praktiske opplysningar	17

1. Innleiing

Opplæringslova § 13 -7 pålegg alle kommunar å ha eit tilbod om skulefritidsordning (SFO) før og etter skuletid for 1. - 4. trinn og for barn med særlege behov for 1. -7. trinn. Frå hausten 2021 blei det innført ein nasjonal rammeplan for skulefritidsordninga. Rammeplanen er ei forskrift med heimel i § 13-7 opplæringslova.


I §13-7 i opplæringslova kjem mandatet i SFO til uttrykk:

«Skolefritidsordninga skal leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna. Skolefritidsordninga skal gi barna omsorg og tilsyn. Funksjonshemma barn skal givast gode utviklingsvilkår. Areala, både ute og inne, skal vere eigna for formålet.»

Rammeplanen for SFO slår fast at SFO skal bygge sin praksis på grunnleggande verdiar som er felles for barnehage og opplæringa. SFO tilbodet er ei forlenging av skuletilbodet og skal reflektera dei same haldningane og verdiane som gjeld i skulen. Verdigrunnlaget skal formidlast og praktiserast i alle delar av arbeidet i SFO og prega både innhald og arbeidsmåtar.

Time kommune utforma ein Kvalitetsplan for skulefritidsordninga i Time. Kvar skule skal ut frå Rammeplan for SFO og kvalitetsplanen laga ein handlingsplan for skuleåret. Handlingsplanen skal vise korleis rammeplanen blir sett ut i livet ved den enkelte SFO.

Organisering ved SFO-avdelinga



Rektor er ansvarleg leiar på Undheim skule. Ansvaret for SFO er delegert til dagleg leiar på SFO.

SFO har dagleg leiar og 6 andre medarbeidrarar inkluderte tilkallingsvikarar. Personalet består av miljøarbeidrarar, barne og ungdomsarbeidrarar og aktivitør.

Dagleg leiar har økonomi – og personalansvar, ansvar for opptak, endring av tid og oppseiing. Dagleg leiar har ansvar for den daglege drifta saman med rektor.

Undheim SFO er open kvar dag frå 07.00-0800 og frå skuleslutt til 16.00.

Føresette kan kjøpa eit tilbod på 5, 4, 3 eller 2 dagar pr. veke.

2 månader oppseiingstid av SFO plass eller redusering av dagar.

Gratis kjernetid for 1. og 2. klasse. (Utgjer 3 dagar gratis).

SFO har to eigne rom som dei disponerer. Desse ligg i hovudbygget ved sida av mediateket. SFO disponerer mat og helserommet der dei lagar frukost kvar dag. Etter skuletid varierer det om ein har skivemat eller varmmat her.

SFO er open 11 månader i året, stengt heile juli. SFO har fire planleggingsdagar i løpet av SFO-året.

2. Skulen sin visjon og SFO sitt verdigrunnlag

Time kommune sin visjon er «Trygg og framtidsretta»

Visjon Undheim skule og SFO:

“Mot til å meina, lyst til å læra. Tryggleik og trivsel”

3. Skulen sitt pedagogiske grunnsyn, elevsyn og læringssyn

Pedagogisk grunnsyn

- me møter elevane med respekt, toleranse og empati
- me arbeider mot felles mål og har felles ansvar for elevane si læring
- elevane opplever framgang og meistring
- me møter alle foreldre og føresette med respekt
- elevane våre har eit mobbefritt læringsmiljø på skulen

Elevsynet vårt	Læringssynet vårt
<ul style="list-style-type: none">• Eleven er trygg på seg sjølv.• Eleven er ein ressurs.• Eleven utviklar seg fagleg, kreativt og sosialt.• Eleven er engasjert og trivst på skule og SFO.• Eleven respekterer skulen/SFO sine reglar.• Eleven opplever meistring og utfordring kvar dag.• Alle blir sett, høyrt og tatt på alvo	<ul style="list-style-type: none">• Elevane opplever meistring og utfordring.• Me tar utgangspunkt i det eleven kan.• Me brukar forskjellige metodar.• Me gir rom for at eleven kan utfalde og utvikle seg teoretisk, praktisk, fysisk, sosialt og kreativt.

4. Vaksenrolla på SFO

Vaksenrollen på SFO

Barna skal oppleve at det er trygge og tydelege vaksne saman med dei på SFO

Det skal vere klare reglar og rutinar på SFO.

Dei vaksne ynskjer å ha eit godt samarbeid med heimen.

Elevane skal oppleve likeverdig omsorg og tryggheit

Dei vaksne skal rettleie barna til å løyse konfliktar og bli sjølvstendige

Dei vaksne utfører barnesamtaler på våren, slik at elevane kjenner på elevmedverknaden.

5. Samarbeid og forventningar

Ein skal sjå tilbodet ved SFO og skule i samanheng og sikra eit heilskapleg tilbod og gode overgangar som gjer dagen trygg og oversiktleg for barnet. Omsynet til barns beste skal ligge til grunn når SFO samarbeider med føresette, skule, barnehage og andre offentlege instansar.

Samarbeid mellom SFO og heim

For å legge til rette for eit godt samarbeid mellom føresette og SFO er det nødvendig med god dialog og ei avklaringa av forventningane til kvarandre.

På SFO skal me arbeide for		
Kva	Korleis	Kven
Foresatte får informasjon om kvardagen på sfo	Hente og levering Heimeside Telefon/visma app	Alle
At heimesida skal vera informativ og oppdatert	Leggje ut informasjon og bilete på heimesida	Dagleg leiar
Kvalitet gjennom engasjerte vaksne som har oversikt og viser omsorg for kvart enkelt barn	Den vaksne ser barnet Den vaksne viser barnet respekt og omsorg	Alle på SFO
Føresette vert møtt på ein fin måte av tilsette som viser respekt og er imøtekommende.	Den vaksne ser og hører på dei føresette Den vaksne tek med føresette	Alle på SFO

På SFO forventar me at dei føresette
Bidreg til eit positivt miljø ved å vera bevisste på korleis ein omtalar SFO.
Respekterer opningstidene og ha klare avtaler med personalet dersom barnet skal gå heim sjølv. Skal barnet hentes, skal føresette komme i SFO lokalet og ikkje ringe inn.

Gir beskjed innan oppsette fristar før skulen sine ferie/fridagar kva for behov ein har for desse dagane, slik at SFO leiar kan planleggja ein god bruk av personalet. Skjema blir sendt ut i visma appen.

Legg inn informasjon i Visma Tilstedeværelse som er viktig å vite den gjeldande dagen.

Dei føresette gir SFO beskjed om forhold som kan bety noko for korleis barnet trivst. Då vil personalet kunna følgja opp barnet og gje ekstra omsorg

Samarbeid mellom skule og SFO

Skule og SFO jobbar ut frå same verdigrunnlag og pedagogiske plattform. Saman skal ein sikre gode overgangar og eit best mogleg heilskapleg tilbod.

Samarbeid SFO - skule		
Kva	Korleis	Kven
Planleggingsdager	SFO og skulen har 2 felles plandagar	Alle ansatte å sfo og rektor
Personalmøter	1 time i veka	Sfo leiar saman med SFO personalet. Rektor deltek ved behov
Samarbeidsmøter	SFO leier deltek på møter dersom det er relevant i forhold til SFO	SFO leiar Rektor Kontaktlærer
Medarbeidersamtale	Årleg samtale med personalet	Rektor/avdelingsleiar
Dialog med lærere	Alle som jobbar i SFO er og i skulen. Møter ved behov.	Alle i SFO
Informasjon om neste års 1.trinn	Er med på innskriving med 1.trinn og foreldremøte jan/feb og mai/juni. Overgangssamtaler med barnehagene	Rektor SFO-leiar

Overgangssamtaler med barnehagene.	SFO-leiar deltek på overgangssamtaler i lag med nesteårs 1.trinns lærarar og rektor.	Rektor Lærer SFO-leiar
------------------------------------	--	------------------------------

6. Innhold og arbeidsformar

Inkludering i SFO

Inkludering		
Kva - målsetting	Korleis	Kven
Alle barn skal oppleve å høyre til.	SFO skal bidra til at alle barn opplever likeverd, tilhøyring og fellesskap. Alle skal føle dei er like betydningsfulle for SFO.	Alle på SFO
SFO skal ta omsyn til mangfold i gruppa.	Me skal ivareta, anerkjenne og synleggjere mangfold i SFO.	SFO leiar Alle i SFO
Ha ulike aktivitetar som er for alle	Tilby ulike aktivitetar i løpet av veka.	Alle vaksne

Leik		
Kva - målsetting	Korleis	Kven
Barna skal ha tid å rom for leik kvar dag.	Legge opp til mest mogeleg valstyrte aktivitetar. Ha fokus på at SFO er barnas fritid.	Alle på SFO
Legge til rette for leik som stimulerer vennskap.	Observere barn i leik. Den vaksne et støttespelar i leiken. Dele inn i mindre grupper.	Alle på SFO
SFO skal leggje tilrette for og inspirere til eit godt leikemiljø.	Tenke nytt og sjå behovet i barnegruppa.	Alle på SFO
Utetid. Mykje god leik og kreativitet oppstår i utetida og i skogen.	Ha utetid som ikkje er valfritt.	Alle på SFO
Barnas medbestemmelse.	Barnesamtaler. Daglege samtalens.	SFO-leiar Base-leiarar Alle på SFO

Kultur		
Kva - målsetting	Korleis- arbeidsform og aktivitet	Kven
Få utfolde seg med musikk og dans	Fast musikk- og danseaktivitet i veka. «syng deg glad»	Alle vaksne
Utfolde seg kreativt	Male, klyppje, lime, perle, teikne	Alle vaksne
Samenes nasjonaldag	Samtaler, flag, drakt, lasso og musikk	Alle vaksne

Fysisk aktivitet og bevegelsesglede		
Kva - målsetting	Korleis- arbeidsform og aktivitet	Kven
Legge til rette for at alle får utfolde seg fysisk	Tid i gymsal. Nintendo wii og spel med fysiske aktivitetar.	Alle vaksne
Vaksne skal inspirere til fysisk aktivitet.	Setje i gang leik. Delta eller vera støttespelar.	Alle på SFO
Fysisk aktivitet i SFO er ikkje alltid frivillig.	Utetid og tur i SFO. Lengre turer i ferier	SFO- leiar Alle på SFO

Mat og måltidsglede		
Kva - målsetting	Korleis- arbeidsform og aktivitet	Kven
Barna opplever fellesskap ved å ete saman.	Sitje i lag og et i lag med medelevar.	Alle på SFO
Inspirere til å utvikler sunne matvanar og gode manerar.	Tilbyr frukt og grønsaker kvar dag. Tilbyr varm mat ca 1- 2 ganger i veka. Sunne og varierte pålegg. Forsyne seg sjølv, smøre maten, ta omsyn til andre og rydde etter seg.	Alle på SFO
Legge til rette for dei med særskilde behov når det gjeld mat.	Allergivenlege alternativ. Fokus på det beste for det enkelte barn når det gjeld mat.	Alle på SFO
Måltidsglede	Måltidet er arena for gode samtaler. Dei vaksne sit saman med barna under måltidet	Alle på SFO

Digital dømekraft

Korleis jobbar me på vår SFO med dette:

Overheld aldersgrenser ved filmvisning. Tek hensyn til barnas medbestemmelse og ønskjer om speletid i SFO.

Kva tilbod får elevane:

Dans, musikk og film

Dei får bruker lærings apper på ipad.

Barna speler saman, inkluderer kvarandre og skaper saman.

Ein vaksen er i lag med dei og passer på at læringsbrettet blir brukt etter avtale.

Medverknad og barnets stemme

I SFO skal barna ha stor medverknad på tilbodet. I vår SFO vil me sikra at barna blir høyrd og får medverka gjennom draumedag. I løpet av året får kvart barn oppfylt sin draumedag på SFO der barnet bestemmer dagens aktivitet. Vil bli markert i månadsplanane.

Me er opptatt av det er barns fritid og dei mest mogleg skal bestemme sjølv over sfo dagen sin.

Leik inne og ute.

Aktivitetar

Matsituasjonen

Barnesamtalen

Me vaksne skal «catche» barnas interesser og gje rom for å utvikle disse interessene.

7. Utviklingsområder og utviklingsarbeid

For å sikra god kvalitet på tilbodet i SFO er det viktig at dei tilsette har ei kontinuerleg kompetanseutvikling. Det skal leggjast til rette for kompetanseheving for dei tilsette.

Kapittel 6.1. rammeplan for SFO slår fast at:

«SFO skal være et fellesskap og en lærende organisasjon som jevnlig vurderer og videreutvikler sin praksis. SFO skal legge til rette for at hele personalet reflekterer over faglige og etiske spørsmål i tilknytning til rammeplanens verdier og innhold og hvordan de kan være gode rollemodeller for barna.»

- a) Skulen sitt utviklingsområde er elevmedverknad og lesing

Det skal vera samanheng mellom utviklingsområda på skulen og SFO. SFO kan gjennom sine arbeidsforamar og aktivitetar forsterke utviklingsområda som er valt for skulen.

Resultatmål	Tiltak	Når/ kven
	Leksedag	Måndager for 2-4 klasse
	Lesestnd/lesekrok	Heile året. Markerast i plan

- b) Brukarundersøkinga skuleåret 2022/2023

I brukarundersøkinga skuleåret 22/23 kom det fram at SFO ved Undheim skule fekk dårlig score på informasjon.

På grunnlag av denne undersøkinga har med difor valt mål me vil jobbe mot dette skuleåret.

Resultatmål	Tiltak	Når/ kven
Kome opp på 4.0 på Brukarundersøkelsen om elevmedverknad	Bruke heimesida meir aktivt	Kvar 14 dag legges bileter ut av SFO leiar
	Månadsplan for kvar månad som legges ut i slutten av månaden før	

c) Utviklingsmål for SFO-året

Våren 2023 gjorde personalet i SFO ei vurdering av eige praksis sett opp mot kvalitetskjenneteikna i kvalitetsplanen, egne observasjonar og tilbakemelding frå barna. På grunnlag av denne vurderinga har me dette SFO-året valt følgande utviklingsmål:

Resultatmål	Tiltak	Når/ kven
God informasjon ut til heimane	Månedsplana og bilder på nettsida	Plan i forkant av kvar måned og bilerter ut kvar 14 dag Leiar
Opprettholde faste møtepunkt blant personalet	Heile personalet møtes kvar veke for å planlegge og drøfte	Alle

Organisasjonslæring og egenvurdering

Dei tilsette i SFO skal gjennom året reflektera og vurdera eigen praksis opp mot kvalitetskjenneteikn, målsettingar, egne observasjonar og tilbakemeldingar. Det skal setjast av tid i arbeids- og utviklingsmøta til dette.

Tidspunkt	Tema/ evaluering	Arbeidsform
oktober	Relasjon til elevane på SFO Leik	
desember	Månedsplana/Leik	
mars		
juni		

8. Årshjul

Årshjul SFO	
Månad	Aktivitet
August	Tema: Vennskap Sommar SFO 1.-17.august 14. og 15.august planleggingsdag- SFO Bli kjent. Leik inne og ute på skulen sitt område. 18.august skulestart
September	Frist for innlevering av skjema for bruk av dagar i haustferien uke 41. Starter opp med eigen plan for september med ulike og faste aktivitetar- ligg på heimesida. Siste fredag i månaden: Disko og osteskive
Oktober	Haustferie veke 41 m/aktivitetar- Eige program. Plan for oktober- ligg på heimesida. Siste torsdag i månaden: osteskive
November	Plan for november- ligg på heimesida. 30.november: Julefilm og adventsgrøt
Desember	Plan for desember- ligg på heimesida. Juleførebuing. Levere inn skjema for bruk av SFO i juleferien: 21.,22.,27.,28. og 29. desember
Januar	Planleggingsdag på sfo 2.jan. Plan for januar- ligg på heimesida. Starter opp med barnesamtaler. Siste tysdag i månaden: bingo og osteskive
Februar	Plan for februar – ligg på heimesida. Frist for innlevering av skjema for bruk av dagar i vinterferien. 6 feb: samenes nasjonaldag Tredje mandag i månaden: Pyjamasdag Vinterferie veke 9 m/aktivitetar.
Mars	Plan for mars- ligg på heimesida Frist for innlevering av skjema for bruk av dagar i påskeferien. Påskepynt
April	Plan for april – ligg på heimesida. Siste torsdag før påske: Gult måltid Påskeferie (veke 13) m/aktiviteter.

	Planleggingsdag sfo 2. April
Mai	Plan for mai – legg på heimesida. 10 mai: Sfo dag Frist for innlevering av skjema for bruk av feriekubb.
Juni	Frist for innlevering av skjema for bruk av dagar 1.august- skulestart!! Ferieklubb siste veka i juni, med kjekke aktivitetar. Ingen månadsplan
Juli	Sommarferie: SFO stengt

9. Praktiske opplysningar

Opningstider

- SFO er open mellom kl. 07.00 – 16.00.
- SFO har 4 planleggingsdagar, då er SFO stengt. 14.08.23, 15.08.23, 02.01.24 og 02.04.24
- Juli er feriemånad - då er SFO stengt.

Rutinar

- Barna blir kryssa inn i Visma systemet når dei kjem på sfo og ut når dei går heim.
- Barn som skal ut, må skriva seg opp/magnetar – og kryssa seg ut når dei kjem inn att.
- Mat etter skuletid i 14 tida.

Klede

- Alle barn må ha klede etter været. Hugs skifteklede
- Alle klede må merkast.

Mat

- Barn som kjem før kl. 07.30 kan få frokost.
- Mat serveres på kjøkken etter skoletid. Ca 1400
- På kjøkkenen står det alltid oppkutta frukt og/ eller grønsaker tilgjengelig.
- I løpet av ei veke vil det normalt vera 4 dagar med brødmat/gryn med assortert utval av pålegg.
- Den siste dagen blir det servert varmmat.
- Ved spesielle høve/ferier o.l. kan det være små avvik frå dette.

